# Meland kommune

# Møtebok
# for
# Kommunestyret

**Møtedato:** 25.11.2015
**Møtestad:** Kommunestyresalen
**Møtetid:** 17:00 - 20:25

Møtet vart styrt av ordførar Øyvind Oddekalv.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 17.11.15 og tilleggsinnkalling dat. 18.11.15 og møtet var kunngjort i pressa 04.11.15.

Ved opprop var 27 medlemmer til stades, møtande varafolk medrekna.

Fredrik Seliussen gjekk frå som ugild ved handsaming av sak 101.
Steinar Erstad møtte til sak 101.

Kommunestyret hadde pause frå kl. 18:00 - 18:05.

Det vart halde gruppemøte frå kl. 18:45 - 18:55 og frå kl. 19:40 - 19:50.

Biskop Halvor Nordhaug, seniorprest Bjørn Moe, soknerådsleiar Regine Sagstad Berg og kyrkjeverje Anne Sofie Uthaug orienterte om planane for bygging av kyrkje/kulturhus på Frekhaug.

Kommunestyret starta med spørjetime.

Ordførar opplyste at det må veljast ein setjevaraordførar. Ordførar kom med framlegg om Sølvi Knudsen som setjevaraordførar. Sølvi Knudsen vart samrøystes vald som setjevaraordførar.

| **Møtedeltakarar** | **Parti** | **Rolle** |
|---|---|---|
| Øyvind Oddekalv | AP | Ordførar |
| Marit Samnøy Jøssang | KRF | Medlem |
| Morten Klementsen | BF | Medlem |
| Sigmund Larsen | FrP | Medlem |
| Silje Ingelin Sæterstøl | V | Medlem |
| Sølvi Norunn Knudsen | SP | Medlem |
| Karina Garnes Reigstad | MDG | Medlem |
| Anne Grete Eide | AP | Medlem |
| Beate Seveline Eknes | V | Medlem |
| Leif Johnsen | MDG | Medlem |
| Per Kristian Holmetun | SP | Medlem |
| Stian Lavik | KRF | Medlem |
| Øystein Berland Blom | H | Medlem |
| Øyvind Bratshaug | FrP | Medlem |
| Mabel Johansen | H | Medlem |
| Tormod Skurtveit | AP | Medlem |

| | | |
|---|---|---|
| Kjersti Vikebø Nesse | AP | Medlem |
| Thomas H. Wallem | H | Medlem |
| Ørjan Evald Kristiansen | FrP | Medlem |
| Fredrik Seliussen | H | Medlem |
| Tom Inge Karlsen | AP | Medlem |
| Åse Nina Sudmann | AP | Medlem |
| Astrid Anne Fjeldstad | SP | Varamedlem |
| Torstein Flatøy | KRF | Varamedlem |
| Marthe Aadland | H | Varamedlem |
| Tor Oscar Maaseide | FrP | Varamedlem |
| Steinar Erstad | H | Varamedlem |
| Rolf Hansen | AP | Varamedlem |

| **Forfall meldt frå følgjande medl.** | **Parti** |
|---|---|
| Asbjørn Larsen | AP |
| Erling Rønnestad | KRF |
| Henriette Fennelly | FrP |
| Nils Marton Aadland | H |
| Rune Lekven Skår | SP |

---

**Desse møtte frå administrasjonen:** Rådmann Ingvild Hjelmtveit, personal og organisasjonssjef Kari Anne Iversen, rådgjevar pleie og omsorg Helge Kvam, sektorsjef teknisk Anny Bastesen og økonomisjef Per Inge Olsen.

Prookollførar: Randi Hilland

26. november 2015

Øyvind Oddekalv
Ordførar

Randi Hilland
Konsulent

Sølvi Knudsen
setjevaraordførar

---

# Sakliste

| Saknr | Tittel |
|---|---|
| 93/2015 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 94/2015 | Godkjenning av møtebok |
| 95/2015 | Referatsaker |
| 96/2015 | Orientering om status kommunestruktur |
| 97/2015 | Busetting av flyktningar |
| 98/2015 | Ungdomskontakten Salto - driftsavtale mellom Meland kommune og Lindås kommune 2016-2018 |
| 99/2015 | Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014 - 2019 - revidering av handlingsplan |
| 100/2015 | Planprogram for kulturminneplan for Meland kommune 2016 - 2021 |
| 101/2015 | Satsar for tilskot i 2016 til ikkje-kommunale barnehagar |
| 102/2015 | Selskapskontroll MAKS AS |
| 103/2015 | Høyring - Planprogram for regional transportplan Hordaland 2018 - 2029 (RTP) |
| 104/2015 | Søknad om fritak som folkevald i Meland kommune |
| 105/2015 | Søknad om fritak frå politiske verv |
| 106/2015 | Val av administrasjonsutval 2015 - 2019 |
| 107/2015 | Val av valstyre 2015 - 2019 |
| 108/2015 | Forhandlingsutval for kommunestruktur 2015 - 2019 |
| 109/2015 | Val av kommunal arbeids- og tiltaksnemnd 2015 - 2019 |
| 110/2015 | Val av sakkunnig takstnemnd eigedomsskatt 2015 - 2019 |
| 111/2015 | Val av medlemmer til sakkunnig overtakstnemnd 2015 - 2019 |
| 112/2015 | Val av medlemmer til NGIR sitt representantskap 2015 - 2019 |
| 113/2015 | Val av utsending til årsmøtet i stiftinga Nordgardsløa 2015 - 2019 |
| 114/2015 | Val av utsendingar til årsmøtet i Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) 2015 - 2019 |
| 115/2015 | Val av medlem i styret for Nasjonalforeningen Meland helselag 2015 - 2019 |
| 116/2015 | Val av representant til generalforsamlinga i BKK 2015 - 2019 |
| 117/2015 | Val av representant til Fellesstyret for revisjonsdistriktet 2015 - 2019 |
| 118/2015 | Val av representant i Oppnemningsutvalet for Konfliktrådet i Hordaland 2015 - 2019 |
| 119/2015 | Val av medlem til Meland sokneråd (Kyrkjeleg fellesråd) 2015 - 2019 |
| 120/2015 | Val av representant i Frekhaug Senterforening 2015 - 2019 |
| 121/2015 | Val av representantar til DIHVA (Driftsassistansen i Hordaland - vann og avløp IKS) 2015 - 2019 |

122/2015 Val av medlemmer til eldrerådet 2015 - 2019

123/2015 Val av råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2015 - 2019

124/2015 Val av medlemmer til Stiftinga Kystsogevekene 2016 - 2020

125/2015 Val av medlemmer til styre for Olaug og Reidar Rambergs legat

126/2015 Interpellasjon - Digital feilmelding

127/2015 Val av utsending til representantskapet IKA Hordaland IKS 2015 - 2019

128/2015 Bergen og Omland havnevesen - val av nytt havneråd og havnestyre 2015 - 2019

129/2015 Val av heimevernsnemnd 2015 - 2019

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Randi Helene Hilland | | 15/2774 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 93/2015 | Kommunestyret | PS | 25.11.2015 |

**Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Framlegg til vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

**Kommunestyret - 93/2015**

**KS - behandling:**
Sak 126 vert handsama som siste sak etter handsaming av sak 129.

Det er sendt ut 3 ekstrasaker for handsaming i møtet.

I tillegg ligg det føre ein interpellasjon frå Stian Lavik, Kristeleg folkeparti, som ordførar vil svare på ved slutten av møtet.

**KS - vedtak:**
"Innkalling og sakliste med 3 tilleggssaker og endra rekkefølgje på saklista vert godkjent."

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Randi Helene Hilland | | 15/2774 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 94/2015 | Kommunestyret | PS | 25.11.2015 |

**Godkjenning av møteboK frå møte 21.10.15**

**Framlegg til vedtak:**
Møtebok frå møte 21.10.15 vert godkjent.

**Kommunestyret - 94/2015**

**KS - behandling:**

**KS - vedtak:**
"Møtebok frå møte 21.10.15 vert godkjent."

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Randi Helene Hilland | | 15/2774 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 95/2015 | Kommunestyret | PS | 25.11.2015 |

**Referatsaker**

**Underliggende saker:**

| Saksnummer | Tittel |
|---|---|
| 95/2015.1 | Framtida til Fedje sjøtrafikksentral - Kopi av skriv sendt til Samferdselsdepartementet |
| 95/2015.2 | Kopi av brev sendt Regionrådet for Nordhordland - Svar på fråsegn om framtida til Fedje sjøtrafikksentral |
| 95/2015.3 | Oppfordring til rask behandling av søknader om etablering av asylmottak |
| 95/2015.4 | Oppsummering av arbeidet i Kontrollutvalet - Meland kommune - perioden 2011-2015 |
| 95/2015.5 | Videre arbeid med kommunereformen |
| 95/2015.6 | Utgreiing av ein eventuell ny kommunestuktur |
| 95/2015.7 | Melding om vedtak - Kommunestruktur - Val av forhandlingspartnere |
| 95/2015.8 | Store utfordringer krever felles mobilisering |

**Framlegg til vedtak:**
Meldingane vert tekne til orientering.

**Kommunestyret - 95/2015**

**KS - behandling:**

**KS - vedtak:**
"Meldingane vert tekne til orientering."

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Ingvild Hjelmtveit | | 15/2774 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 96/2015 | Kommunestyret | PS | 25.11.2015 |

**Orientering om status kommunestruktur**

**<u>Kommunestyret - 96/2015</u>**

**KS - behandling:**

Ordførar orienterte om status:

Prosessen stoppa opp i samband med kommunestyrevalet.

- Møtet 20. oktober vart avlyst.
- Nytt møte beramma 14. desember med ordførarar og rådmenn i Lindås, Radøy og Meland.
- Brev frå Austrheim kommune vart referert.
- Regionrådet har vedteke å la saka samanslåing av dei 9 kommunane i bero.
- Prosessen vidare
  - Lindås, Radøy og Meland gjer seg ferdige med forhandlingane, og etter det inviterer ev. andre kommunar til forhandling.
  - Satsar på at mest mogeleg er klart innan februar.

**KS - vedtak:**
"Orienteringane vert teken til vitande."

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Arngunna Haga | FA - F30 | 15/2304 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 130/2015 | Formannskapet | PS | 04.11.2015 |
| 97/2015 | Kommunestyret | PS | 25.11.2015 |
| 60/2015 | Utval for levekår | PS | 03.11.2015 |

**Busetting av flyktningar**

**Vedlegg:**
Oppmoding om busetting av flyktningar
Rundskriv 01 2015 - Integreringstilskudd for år 1 og år 2-5 i 2015
Busetting av flyktningar med bakgrunn i dagens flyktningkrise
KS sak 57.2014 Busetting flyktningar 2014-2017
NOTAT - Busetting av flyktningar

**Saksopplysningar:**
**Bakgrunn**

Vi viser til brev frå Fylkesmannen i Hordaland datert 21.08.15 om flyktningsituasjonen i dag og trong for auka busetting i kommunane (vedlegg).

Meland kommune vert no oppmoda om å auke tal på flyktningar som skal busetjast utover gjeldande ramme/måltal som er gjeve i kommunestyret sak 49/2015 datert 17.06.15: Busetting av flyktningar med bakgrunn i dagens flyktningkrise.

Status

a. Måltal for gjeldande busetting i 2015 er 23 personar, og status ved utgangen av oktober vil vera 18 personar. Målet om å busetje 23 personar i år vil bli nådd.
b. I høve bustad er det iverksett arbeid med å nytte tilgjengelege investeringsmidlar til kjøp av bustader i tenlege bumiljø.
c. I høve finansieringsgrunnlag viser ein til årsrekneskap 2014 med avsetting til fond til føremål busetting og integrering, samt gjeldande satsar for integreringstilskot 2105 jamfør link http://www.imdi.no/no/Tilskudd/Integreringstilskudd/

**Vurdering**
Rådmannen viser til saksutgreiing kommunestyret sak 57/2014 om busetting flyktningar, og tek ikkje oppatt argumentasjon eller bereknings- og finansieringsgrunnlag her. Flyktningkatastrofen som no og merkast her i landet, talar for at Meland kommune tek samsfunnsansvar og tek eit ekstra tak for å hjelpa på trongen for busetting.

Med føresetnad om at ein klarer å etablere tilstrekkeleg tal bustader til målgruppa, legg rådmannen til grunn at ein kan møte oppmodinga frå fylkesmannen om 30 personar i 2016 og 30 personar i 2017. Vidare legg ein til grunn at ein for åra 2018 og 2019 busett 25 nye kvart år.

Når det gjeld trong for investeringsmidlar til bustader, vil rådmannen handsama dette i revidert økonomiplan.

Viser til vedtak i kommunestyret 49/2015 pkt 6. Meland kommune opplever at folk i Meland tek ansvar og ynskjer å bidra i flyktningsituasjonen som no møter oss. Vi opplever auke i talet på bustader som vert gjort tilgjengelege for flyktningar. Vidare opplever vi at folk melder seg til innsats for å bidra i arbeidet med busetting og integrering av flyktningar.

Det at kommunen både har kjøpt eigne bustader og har fått tilgang på bustader på den private marknaden, gjer at rådmannen vurderer at kommunen har kapasitet til å auke talet på busette flyktningar alt i år. Rådmannen vurderer at kommunen kan busetje 7 nye flyktningar utover dei 23 kommunen har vedtak om.

Kommunane i Noreg er uroa for at det er for få flyktningar som kjem i arbeid etter endt introduksjonsprogram, og at ein for stor del av flyktningane vil ha trong for stønad frå kommunane etter at dei fem åra med stønad frå Staten fell bort. Meland kommune har fått støtte frå Fylkesmannen i Hordaland til eit prosjekt der ein arbeider meir systematisk med å sikre overgang til arbeid i løpet av introduksjonsperioden og/eller etter at denne er avslutta.

Med dei føresetnader som ligg til grunn bør Meland kommune auke busettingsmål med + 7 (frå 23 til 30 personar) per år i perioden 2015-2017. I tillegg bør Meland kommune møte oppmodinga om å busetje 25 personar kvart år for åra 2018-2019. Nytt samla tal for perioden 2015-2019 vert 140 personar. Familiegjennforeining kjem i tillegg.

Folkehelse – ingen merknad
Miljø – ingen merknad
Økonomi – ingen merknad

**Konklusjon**
Rådmannen rår til at Meland kommune aukar ramme/måltal for busetting av flyktningar i perioden 2015-2017 slik at ein for åra 2015-2017 tek i mot 30 personar kvart år. Vidare rår rådmannen til at Meland kommune vedtek å busetje 25 personar kvart år for perioden 2018-2019. Det er ein føresetnad at kommunen klarer å etablere tilstrekkeleg tal bustader i perioden. Tilrådinga er tufta på samfunnsansvaret til Meland kommune med auka tilstrømminga av flyktningar til landet.

**Framlegg til vedtak:**
«Kommunestyret tek samfunnsansvar med omsyn til flyktningsituasjonen og aukar noverande ramme/måltal for busetting med fylgjande:

1. Meland kommune aukar tal på personar for busetting med +7 for 2015.

   Dette utgjer ei samla busetting med 30 personar per 2015.

2. Meland kommune aukar tal på personar for busetting med + 7 kvart år for åra 2016-2017.

   Dette utgjer ei samla busetting med 30 personar kvart av åra 2016 og 2017.

3. Meland kommune vil busetje 25 personar kvart år for perioden 2018-2019.

4. Ressursar relatert til eventuell familiegjennforeining kjem i tillegg til måltal i punkt 1-3., og vert utført kontinuerlig etter godkjende vedtak.

5. Det er ein føresetnad for måloppnåing jamfør punkta 2-3 at kommunen klarer å etablere tilstrekkeleg tal bustader i tenlege bumiljø i perioden. I tillegg må kommunen nytte integreringstilskot til å sikre kapasitet i ulike tenestetilbod utfrå dei individuelle føresetnadene til flyktningane.

6. Meland kommune opprettheld prinsippvedtak i kommunestyret sak 108/12. Integreringstilskotet skal til ei kvar tid øyremerkjast resursbruk relatert til busettings- og integreringsverksemd (bundne fond)»

**Utval for levekår - 60/2015**

**ULK - behandling:**

Tilleggsframlegg i møte frå Øystein Blom (H):

7. Det er ein føresetnad at statens tilskot dekkjer dei faktiske kostnader.

Framlegget fekk **2 røyster for** (2 H) og **6 røyster mot** (2 AP, 1 SP, 1 Krf, 1 V, 1 MDG), og **fall**.

**ULK – framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret tek samfunnsansvar med omsyn til flyktningsituasjonen og aukar noverande ramme/måltal for busetting med fylgjande:

1. Meland kommune aukar tal på personar for busetting med +7 for 2015.

   Dette utgjer ei samla busetting med 30 personar per 2015.

2. Meland kommune aukar tal på personar for busetting med + 7 kvart år for åra 2016-2017.

   Dette utgjer ei samla busetting med 30 personar kvart av åra 2016 og 2017.

3. Meland kommune vil busetje 25 personar kvart år for perioden 2018-2019.

4. Ressursar relatert til eventuell familiegjennforeining kjem i tillegg til måltal i punkt 1-3., og vert utført kontinuerlig etter godkjende vedtak.

5. Det er ein føresetnad for måloppnåing jamfør punkta 2-3 at kommunen klarer å etablere tilstrekkeleg tal bustader i tenlege bumiljø i perioden. I tillegg må kommunen nytte integreringstilskot til å sikre kapasitet i ulike tenestetilbod utfrå dei individuelle føresetnadene til flyktningane.

6. Meland kommune opprettheld prinsippvedtak i kommunestyret sak 108/12. Integreringstilskotet skal til ei kvar tid øyremerkjast resursbruk relatert til busettings- og integreringsverksemd (bundne fond)»

**<u>Formannskapet - 130/2015</u>**

**FS - behandling:**

Skriv frå KS vart delt ut i møtet.

**Framlegg i møtet til nytt pkt 7:**

"Meland kommune ber staten kompensere dei faktiske utgiftene fullt ut."

**Framlegg i møtet til tilleggstekst og pkt 4 går:**

1. Inkludert familiegjenforening.

2. Inkludert familiegjenforening.

3. Inkludert familiegjenforening.

Pkt. 4 går ut.

**<u>Avrøysting:</u>**

**Framlegg til nytt pkt 7 vart <u>samrøystes vedteke.</u>**

**Framlegg til tilleggstekst og pkt 4 går ut vart <u>samrøystes vedteke.</u>**

**FS – framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret tek samfunnsansvar med omsyn til flyktningsituasjonen og aukar noverande ramme/måltal for busetting med fylgjande:

1. Meland kommune aukar tal på personar for busetting med +7 for 2015, inkludert familiegjenforening.

   Dette utgjer ei samla busetting med 30 personar per 2015.

2. Meland kommune aukar tal på personar for busetting med + 7 kvart år for åra 2016-2017, inkludert familiegjenforening

   Dette utgjer ei samla busetting med 30 personar kvart av åra 2016 og 2017.

3. Meland kommune vil busetje 25 personar kvart år for perioden 2018-2019, inkludert familiegjenforening

4. Det er ein føresetnad for måloppnåing jamfør punkta 2-3 at kommunen klarer å etablere tilstrekkeleg tal bustader i tenlege bumiljø i perioden. I tillegg må kommunen nytte integreringstilskot til å sikre kapasitet i ulike tenestetilbod utfrå dei individuelle føresetnadene til flyktningane.

5. Meland kommune opprettheld prinsippvedtak i kommunestyret sak 108/12. Integreringstilskotet skal til ei kvar tid øyremerkjast resursbruk relatert til busettings- og integreringsverksemd (bundne fond)»

6. Meland kommune ber staten kompensere dei faktiske utgiftene fullt ut."

**<u>Kommunestyret - 97/2015</u>**

**KS - behandling:**

**KrF v/Marit Jøssang fremja Utval for levekår sitt framlegg til vedtak med nytt punkt 7 som er identisk med formannskapet sitt framlegg til vedtakt pkt. 6**.

"Kommunestyret tek samfunnsansvar med omsyn til flyktningsituasjonen og aukar noverande ramme/måltal for busetting med fylgjande:

1. Meland kommune aukar tal på personar for busetting med +7 for 2015.

   Dette utgjer ei samla busetting med 30 personar per 2015.

2. Meland kommune aukar tal på personar for busetting med + 7 kvart år for åra 2016-2017.

   Dette utgjer ei samla busetting med 30 personar kvart av åra 2016 og 2017.

3. Meland kommune vil busetje 25 personar kvart år for perioden 2018-2019.

4. Ressursar relatert til eventuell familiegjennforeining kjem i tillegg til måltal i punkt 1-3., og vert utført kontinuerlig etter godkjende vedtak.

5. Det er ein føresetnad for måloppnåing jamfør punkta 2-3 at kommunen klarer å etablere tilstrekkeleg tal bustader i tenlege bumiljø i perioden. I tillegg må kommunen nytte integreringstilskot til å sikre kapasitet i ulike tenestetilbod utfrå dei individuelle føresetnadene til flyktningane.

6. Meland kommune opprettheld prinsippvedtak i kommunestyret sak 108/12. Integreringstilskotet skal til ei kvar tid øyremerkjast resursbruk relatert til busettings- og integreringsverksemd (bundne fond).

7. Meland kommune ber staten kompensere dei faktiske utgiftene fullt ut."

**Avrøysting:**
**Framlegget frå KrF v/Marit Jøssang fekk 23 røyster for, (KrF, AP, H, SP, V, MDG, BF), 4 røyster mot, og er såleis vedteke.**
**Formannskapet sitt framlegg til vedtak fekk 4 røyster for(FrP), 23 røyster mot, og fall.**

**KS - vedtak:**
"Kommunestyret tek samfunnsansvar med omsyn til flyktningsituasjonen og aukar noverande ramme/måltal for busetting med fylgjande:

1. Meland kommune aukar tal på personar for busetting med +7 for 2015.

   Dette utgjer ei samla busetting med 30 personar per 2015.

2. Meland kommune aukar tal på personar for busetting med + 7 kvart år for åra 2016-2017.

   Dette utgjer ei samla busetting med 30 personar kvart av åra 2016 og 2017.

3. Meland kommune vil busetje 25 personar kvart år for perioden 2018-2019.

4. Ressursar relatert til eventuell familiegjennforeining kjem i tillegg til måltal i punkt 1-3., og vert utført kontinuerlig etter godkjende vedtak.

5. Det er ein føresetnad for måloppnåing jamfør punkta 2-3 at kommunen klarer å etablere tilstrekkeleg tal bustader i tenlege bumiljø i perioden. I tillegg må kommunen nytte integreringstilskot til å sikre kapasitet i ulike tenestetilbod utfrå dei individuelle føresetnadene til flyktningane.

6. Meland kommune opprettheld prinsippvedtak i kommunestyret sak 108/12. Integreringstilskotet skal til ei kvar tid øyremerkjast resursbruk relatert til busettings- og integreringsverksemd (bundne fond).

7. Meland kommune ber staten kompensere dei faktiske utgiftene fullt ut.»

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Helge Kvam | FA - C14 | 14/925 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 56/2015 | Utval for levekår | PS | 03.11.2015 |
| 98/2015 | Kommunestyret | PS | 25.11.2015 |

**Ungdomskontakten Salto - driftsavtale mellom Meland kommune og Lindås kommune 2016-2018**

**Vedlegg:**
Driftsavtale -Salto
Salto - Samarbeidsavtale pr. 12.6.15.pdf

**Saksopplysningar:**
**Bakgrunn**
Det interkommunale tiltaket Ungdomskontakten Salto starta opp som eit treårig prosjekt hausten 2007, som eit samarbeid mellom sju kommunar i Nordhordland, Knarvik senter, politi, kyrkja og den vidaregåande skulen i Knarvik. Samarbeidskommunar er: Lindås, Meland, Masfjorden, Radøy, Austrheim, Modalen og Fedje.

Etter avslutta prosjektperiode vedtok Meland kommune vidareføring frå prosjekt til fast drift jamfør kommunestyre sak 105/10. Gjeldande samarbeidsavtale for perioden 2013-2015 vart vedtatt av kommunestyret jamfør sak 107/12.

Det ligg føre framlegg til vidareføring av driftsavtale for Ungdomskontakten Salto mellom Meland kommune og Lindås kommune for perioden 2016 – 2018 (vedlegg). Ressursbruk og budsjett vert vidareført på noverande nivå. Meland kommune sin andel av samla driftskostnad er 16 % (om lag kr. 200.000,- per år). Prosentandel tilsvarar her besøkstal frå Meland ungdom.

Når det gjeld tilbod som Ungdomskontakten gjev viser ein til punkt 4 i driftsavtale.

Effektar av førebyggjande verksemd kan vere utfordrande å måle. Dette gjeld både for lokale tiltak i den einskilde kommune samt interkommunale tiltak. Resultat frå siste Ungdomsundersøking 2013 kan gje argumentasjon til å halde fram med eit mangfald av ulike typar tiltak som når ungdom på ulike arena. Resultat frå denne undersøkinga kan ein sjå her - http://www.meland.kommune.no/resultat-fraa-ungdata-i-meland-kommune-2013.5387715-298720.html

Ungdomskontakten Salto vil gjennomføre brukarundersøking i 2016.

Representantar frå Ungdomskontakten Salto vil møte i Utval for levekår og gje nærare orientering om arbeidet. Aktuell presentasjon vert delt ut i møte.

**Vurdering**
Ungdom, trendar og miljø/kulturar er mobile, og ein bør søkje å supplere lokale førebyggjande tiltak med regionale samarbeidstiltak som møter undom med vaksenkontakt der dei oppheld seg.

Ungdomskontakten Salto tilbyr vaksenkontakt og oppsøkjer ungdom på deira eigen arena. I tillegg er Ungdomskontakten ein samarbeidspart til øvrige fagmiljø som møter ungdomane i andre samanhengar som til dømes skule, barnevern, NAV og psykisk helsevern.

Førebyggjande verksemd er langsiktig, systematisk og målretta arbeid på fleire felt samtidig. Ein må halde fram å finne tenlege målepunkt for å kvalitetssikre at innsats og ressursbruk er effektive og gjev tenlege resultat på ulike nivå. Slik sett bør ein mellom anna vurdere å gjennomføre ny Ungdomsundersøking i komande driftsperiode.

Rådmann rår til at Meland kommune vidarefører driftsavtale for Ungdomskontakten Salto i ny periode 2016-2018. Finansiering av tiltaket vert soleis vidareført i budsjettframlegg.

Folkehelse – ingen merknad
Miljø – ingen merknad
Økonomi – ingen merknad

**Konklusjon**
Meland kommune vidarefører driftsavtale for Ungdomskontakten Salto i ny avtaleperiode 2016-2018.

**Framlegg til vedtak:**
«Kommunestyret godkjenner vidareføring av driftsavtale for Ungdomskontakten Salto for perioden 2016-2018.

Meland kommune sin del av driftskostnader er 16 % av samla kostnad for tiltaket. For 2016 utgjer dette sum stor kr. 203.000,-.

Kommunestyret ber rådmann arbeide for å gjennomføre ny Ungdomsundersøking i avtaleperioden. Dette med omsyn til å innhente oppdatert ungdomsdata som kan bidra til å kvalitetssikre at innsats og ressursbruk er tenleg i eit førebyggjande perspektiv.»

**<u>Utval for levekår - 56/2015</u>**

**ULK - behandling:**

**ULK – framlegg til vedtak:**
«Kommunestyret godkjenner vidareføring av driftsavtale for Ungdomskontakten Salto for perioden 2016-2018.

Meland kommune sin del av driftskostnader er 16 % av samla kostnad for tiltaket. For 2016 utgjer dette sum stor kr. 203.000,-.

Kommunestyret ber rådmann arbeide for å gjennomføre ny Ungdomsundersøking i avtaleperioden. Dette med omsyn til å innhente oppdatert ungdomsdata som kan bidra til å kvalitetssikre at innsats og ressursbruk er tenleg i eit førebyggjande perspektiv.»

**Kommunestyret - 98/2015**

**KS - behandling:**

**Framlegg til vedtak frå Sigmund Larsen, FrP:**

"Saka vert utsett."

**Avrøysting:**
**Utsetjingsframlegget fekk 22 røyster for, (5 AP, 5 H, 4 KrF, 3 SP, 2 V, 2 MDG, 1 BF), 5 røtster mot, (3 KrF, 2 AP), og er såleis vedteke.**

**KS - vedtak:**
"Saka vert utsett."

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Eirik Bouwer Utne | | 15/2765 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 58/2015 | Utval for levekår | PS | 03.11.2015 |
| 99/2015 | Kommunestyret | PS | 25.11.2015 |

**Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014 - 2019 - revidering av handlingsplan**

**Vedlegg:**
Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014-2019 - Meland kommune

**Saksopplysningar:**
**Bakgrunn**
Kommunestyret godkjente i møte 19.02.2014 «Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019», K-sak 11/2014. Planen legg opp til ein skal revidere handlingsplanen kvart år i planperioden.

**Vurdering**
Fleire av dei tiltaka som handlingsplanen legg opp til er under arbeid. Endringane i prioriteringa tek omsyn til dette. For utfyllande informasjon om tiltaka og tidlegare prioriteringar vert det vist til Temaplanen, som ligg ved denne saka.

<u>Ordinære anlegg</u>
Motocrossbana på Rossland vart tildelt kr 1 000 000 i spelemidlar i 2014 og klubben satt i gang bygginga hausten 2015.

Meland Aktiv er i planleggingsfasen av ny kunstgrasbane med overbygg på Fossemyra. Andre type anlegg er òg aktuelle i planperioden.

Sjøsportsanlegg på Flatøy er tatt med i planprogrammet for Midtmarka og Rotemyra.

| | **Prioritet** | **Anlegg** | **Stad** | **Kommentar** | **År** |
|---|---|---|---|---|---|
| **Idrett** | 5 | Skytebane | Espetveit | Utviding | 2016- |
| | | Motocrossbane C | Rossland | **Under utbygging** | 2016 |
| | 1 | Kunstgrasbane III med halloverbygg | Fossemyra idrettspark | **Under planlegging** | 2017 |
| | 2 | Løpebane | Fossemyra idrettspark | Nybygg | 2017 |
| | 3 | Sjøsportanlegg | Flatøy | **Midtmarka planarb.** | 2016- |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | Fleirbrukshall | Meland Aktiv | Nybygg/utviding | 2019- |
| | 2 | Sandvolleyballbane | Fossemyra | Nybygg | 2017 |
| | 2 | Sykkelrampe | Fossemyra | Nybygg | 2017 |
| | 2 | Tennisbanar | Fossemyra | Nybygg | 2017 |
| | | Avlastningshall | Grasdal | Nybygg | 2018 |
| | 4 | Rideveg | Kårbø | Nybygg/rehabilitering | 2017 |
| **Friluftsliv** | 1 | Lyssett turløype | Frekhaug | Nybygg/rehabilitering | 2017 |
| | 2 | Lyssett turløype | Rossland | Nybygg/rehabilitering | 2018 |
| | 3 | Kyststi universelt utforma | Badevika - Dalstø | Nybygg | 2018- |
| | | Terrengsykkelanlegg | | Nybygg/rehabilitering | 2018 |

<u>Nærmiljøanlegg</u>
Oppgradering og merking av turstiar er under arbeid ulike stader i kommunen. Frisbeegolfbane er sett opp i Haltejohansvika og fiskeplassen er delvis klar. Utandørs treningsapparat i området er under planlegging i form av ein tuftepark. Skateparken i Mjåtveitmarka var eit mindre nærmiljøtiltak i samarbeid med utbyggar for å legge til rette for framtidig utbygging. Situasjonen for dette er uavklart. Friluftsanlegg på Rylandsneset/Lunden er under planlegging. Ballbingen i Frekhaugmarka fekk kr 279 000 i spelemidlar i 2015 og rehabiliteringa er under vegs.

| **Prioritering** | **Anlegg** | **Stad** | **Kommentar** | **År** |
|---|---|---|---|---|
| 1 | Merking og gradering av turstiar | Holsnøy/Flatøy | **Under arbeid** | 2014- |
| | Nytt turkart | | Oppdatering | 2019 |
| 4 | Paintballbane | Holsnøy | Nybygg | 2017- |
| | Frisbeegolf | Elvavika/Haltejohansvika | **Ferdig** | 2014 |
| | Fiskeplass | Elvavika/Haltejohansvika | **Ferdig/under vidare utv.** | 2014- |
| 2 | Utandørs treningsapparat | Elvavika/Haltejohansvika | **Under planlegging** | 2017 |
| | Skatepark | Mjåtveitmarka | **Påbegynt** | 2014- |
| | Tilkomst/tursti | Håøya | **Ferdig / vidare utv.** | 2014- |
| 3 | Friluftsanlegg | Rylandsneset/Lunden | **Under planlegging** | 2017 |
| | Friluftsanlegg | Varnappen/Badevika | Vidare utvikling m/Bof. | 2018 |
| | Friluftsanlegg | Skjelanger | Vidare utvikling m/Bof. | 2019 |
| | Ballbane | Frekhaugmarka | **Under utbygging** | 2015 |
| | Aktivitetsflate | Fossemyra | Nybygg | 2017 |
| | Fiskeplass | Frekhaug aust | Nybygg | 2018 |
| | Nærmiljøanlegg | Bustadfeltsutvikling | Nybygg | 2014- |
| | Ballbane | Holmemarka | Nybygg/rehabilitering | 2019- |
| | Ballbane | Ådland | Nybygg/rehabilitering | 2019- |
| | Ballbane | Frekhaug | Nybygg/rehabilitering | 2019- |
| Ny | Ballbane | Husebø | Rehabilitering | 2019- |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Ny | Kunstgras Vestbygd | Vestbygd skule | Nybygg/Rehabilitering | 2016 |
| | Klatrevegg | Perleveggen | Nybygg/rehabilitering | 2018- |
| | BMX | Austebygda Fritidspark | Nybygg/rehabilitering | 2018 |
| 5 | Nærmiljøanlegg ved ungdomshus/-klubb/kulturbygg | Frekhaug | Nybygg/rehabilitering | 2017- |

Spelemiddelsøknadar ordinære anlegg 2015

| Prioritet | Anleggsted | Anleggsenhet | Sum kr |
|---|---|---|---|
| 1 | Leirdalen idrettsanlegg | Garderobehus med to ekstra garderobar | 1 500 000 |
| 2 | Leirdalen idrettsanlegg | Lysanlegg | 148 000 |
| 3 | Leirdalen idrettsanlegg | Klubbhus med rom for møte/arrangement | 700 000 |
| 4 | Leirdalen idrettsanlegg | Hus for vedlikehalds-, drifts- og idrettsmateriell | 700 000 |

NB. Garderobehus med to ekstra garderobar vart tildelt kr 1 500 000 i 2015.

Spelemiddelsøknadar ordinære anlegg 2016

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1 | Leirdalen idrettsanlegg | Lysanlegg | 148 000 |
| 2 | Leirdalen idrettsanlegg | Klubbhus med rom for møte/arrangement | 700 000 |
| 3 | Leirdalen idrettsanlegg | Hus for vedlikehalds-, drifts- og idrettsmateriell | 700 000 |

Spelemiddelsøknadar nærmiljøanlegg 2015

| | Anleggsted | Anleggsenhet | Sum kr |
|---|---|---|---|
| 1 | Frekhaugmarka ballbane | Ballbane | 279 000 |

NB. Det er ikkje komme inn søknader på spelemidlar nærmiljøanlegg for 2016

Uprioritert liste

| Anlegg | Stad | Kommentar |
|---|---|---|
| Svømmehall med varmebasseng | Flatøy | Regionalt anlegg |
| Sjøbad | Flatøy | Regionalt anlegg |
| Kunstgrasbane | Leirdalen | Nybygg/rehabilitering |
| Løpebane utviding | Leirdalen | Nybygg/rehabilitering |
| Idrettsanlegg | Holme/Hjertås | Nybygg |
| Ballbanar andre | | Nybygg/rehabilitering |
| Båtsportsanlegg | | Nybygg/rehabilitering |

| | | |
|---|---|---|
| Treningsanlegg | | Nybygg/rehabiltering |
| Orienteringskart | | Oppdatering/nye område |

**Folkehelse**
Tiltaka vil utan tvil vere svært positive for folkehelsa i kommunen.
**Miljø**
Ikkje vurdert i saka.
**Økonomi**
Ikkje vurdert i saka.

**Konklusjon**
Framlegg til revidert handlingsplan ligg føre.

**Framlegg til vedtak:**
«Revidert handlingsplan for Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019 vert godkjend slik den ligg føre i vurderinga.»

**Utval for levekår - 58/2015**

**ULK - behandling:**

**ULK – framlegg til vedtak:**
«Revidert handlingsplan for Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019 vert godkjend slik den ligg føre i vurderinga.»

**Kommunestyret - 99/2015**

**KS - behandling:**

**KS - vedtak:**
«Revidert handlingsplan for Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019 vert godkjend slik den ligg føre i vurderinga.»

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Eirik Bouwer Utne | FA - C50, TI - &30 | 14/653 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 57/2015 | Utval for levekår | PS | 03.11.2015 |
| 100/2015 | Kommunestyret | PS | 25.11.2015 |

**Planprogram for kulturminneplan for Meland kommune 2016 - 2021**

**Vedlegg:**
Merknad planprogram Sogelaget
Kulturminneplan for Meland kommune 2016-2021 - Planprogram på høyring - kulturminnefagleg fråsegn
Planprogram - Kulturminneplan for Meland kommune 2016 - 2021

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn**
Utval for levekår vedtok i møte 3.6.2014, ULK-sak 27/2014, oppstart av arbeid med kulturminneplan for Meland kommune 2016–2021. I same sak blei det vedtatt at utvalet skal vere styringsgruppe for planen.

I møte den 16.9.2014, fekk utvalet fekk ei orientering om kulturminneplanarbeidet med påfølgjande diskusjon og innspelsrunde.

Framlegg til planprogram for Kulturminneplan for Meland kommune 2016 – 2021 vart sendt på høyring den 25.2.2015 etter godkjenning av Utval for levekår i møte den 17.2.2015, ULK-sak 09/2015. Frist for å levere merknad var 7.4.2015. Planprogrammet ligg no føre etter høyringsrunden.

Planarbeidet er i tråd med planstrategien for Meland kommune 2014–2016.

**Vurdering**
Det kom inn merknader frå Meland sogelag og Hordaland fylkeskommune. Desse ligg ved denne saka.

**Meland Sogelag** legg fram 4 hovudpunkt i sin merknad, summert under:

1: Generelt har ikkje sogelaget «funne noko som treng leggjast til planprogrammet».

2: Sogelaget vil gjerne vere med på registreringarbeidet, men ser at det òg kan verte trong for å ta i bruk betalte tenester sida arbeidet vil vere omfattande.

3: Systematisering av det store arkivmaterialet som er samla inn, bør gjerast som ein del av registreringsarbeidet.

4: Utfordringane ved gjenstandssamlingane i kommunen.

Kommentar
Kulturavdelinga ser det som svært positivt at sogelaget ønskjer å vere med på registreringsarbeidet. Vidare ser vi det som naturleg å sjå på om ein skal nytte betalte tenester i registreringsarbeidet, særleg med tanke på digitalisering. Arkivmaterialet er svært omfattande og av stor verdi. Å sikre dette bør vere ei av hovudoppgåvene i arbeidet. Ein slik systematisering vil kunne verte for omfattande til å vere ein del av planarbeidet i seg sjølv, men vil kunne verte eit høgt prioritert tiltak i planen. Det same gjeld situasjonen for gjenstandsmaterialet og magasinspørsmålet. Vi vurderer problemstillingene til å vere representert i planprogrammet og arbeidsopplegget.

**Hordaland fylkeskommune** legg fram tre innspel til sjølve planprogrammet.

1: Hovudmålet med arbeidet bør vere at tap av kulturminne skal reduserast samtidig som dei må sjåast som ein innsatsfaktor i lokal samfunnsutvikling. Det lokale eigarskapet til planen vil vere eit viktig reiskap for å få til dette. Dei peiker vidare på behovet for folkemøte og involvering av frivillige. Planen bør prioritere kulturminne ut frå kva som er det særeigne ved Meland si historie og utvikling.

2: Planen bør verte innarbeid i kommuneplanen sin arealdel med generelle føresegn og omsynssoner.

3: At ein òg nytter databasen Askeladden og faglege rapportar knytt til arkeologi og nyare tids kulturminne.

Kommentar
Slik kulturavdelinga ser det oppfyller dei eksisterande måla dette, særleg sett saman med arbeidsopplegget.

Planen kjem etter at ny kommuneplan er vedtatt. Omsyn til kulturminne er likevel tatt med, mellom anna ved fleire omsynssoner. Ved ei rullering av kommuneplanen bør kulturminneplanen verte innarbeidd i denne.

Askeladden og ulike kulturminnefaglege rapportar er allereie kjende og innarbeidde reiskapar for kommunen og implisitt ein del av kjeldematerialet. Dei er nå spesifikt tatt inn i planprogrammet.

**Folkehelse**
**Miljø**
**Økonomi**
Ikkje vurdert i saka

**Konklusjon**
Planprogram for Kulturminneplan for Meland kommune 2016–2021 ligg føre etter høyringsrunden i mars-april 2015. Det har komme to innspel til planprogrammet. Framdriftsplanen er òg revidert og justert. Planarbeidet er i tråd med planstrategien for Meland kommune 2014–2016.

**Framlegg til vedtak:**

«Planprogram for Kulturminneplan for Meland kommune 2016–2021 vert godkjend slik det ligg ved denne saka.»

**<u>Utval for levekår - 57/2015</u>**

**ULK - behandling:**

**ULK – framlegg til vedtak:**
«Kommunestyret godkjenner planprogram for Kulturminneplan for Meland kommune 2016 - 2021 slik det ligg ved denne saka.»

**<u>Kommunestyret - 100/2015</u>**

**KS - behandling:**

**KS - vedtak:**
«Planprogram for Kulturminneplan for Meland kommune 2016–2021 vert godkjend slik det ligg ved denne saka.»

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Per Inge Olsen | FA - A10, TI - &88, FE - 223 | 15/2788 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 101/2015 | Kommunestyret | PS | 25.11.2015 |
| 129/2015 | Formannskapet | PS | 04.11.2015 |

**Satsar for tilskot i 2016 til ikkje-kommunale barnehagar**

**Vedlegg:**
Udir.no - Notat av 15.10.2015 om finansiering av private barnehager 2016
Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager - Lovdata pr 09.10.2015

**Saksopplysningar:**
**Bakgrunn**
Utdanningsdirektoratet hadde i sommar på høyring framlegg til nye modellar for finansiering av ikkje-kommunale barnehagar. Fristen for å kome med høyringssvar var sett til 20 august. Meland kommune gav 24. juni 2015 i sak 84/2015 i Formannskapet eit omfattande høyringssvar.
I samband med framlegging av statsbudsjettet for 2016 er det konkludert med endring av finansieringsordningen frå 2016 som i vedlagte notat lagt ut på Utdanningsdirektoratet (udir.no) sine nettsider 15. okt 2015.

I notatet framgår det at:
1. Tilskotsgrunnlaget skal fremdeles vere kommunen sine 2 år gamle rekneskap.
2. Kommunen sine pensjonsutgifter skal tas ut av berekningsgrunnlaget, og ein kalkulert pensjonsutgift på 13% av lønsgrunnlaget skal legges til.
3. Driftstilskotet skal vere 100% av satsane for alle barnehagar frå og med 2016.
4. Kapitaltilskotet vert avhengig av barnehagebyggets byggeår. Satsene er under utarbeiding.
5. Kommunen bør fatte vedtak om tilskotssatsar for 2016 innan 31. okt 2015.

Denne saken vert fremja no sjølv om ikkje kapitaltilskot-satsane er klare frå departementet ennå, for ikkje å kome for langt etter fristen for vedtak som er sett til 31. okt. Vi har sjekka ut med KS, og legg etter deira tilråding til grunn satsane for kapitaltilskot som er foreslått i PWC sin rapport av 22. januar 2015 *«Ny finansiering av ikke-kommunale barnehager – Forslag til forenklet modell og ny beregning av pensjon og kapitalilskudd»* utarbeida på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet i samband saka om ny finansieringsordning.

Det går heller ikkje fram av Utdanningsdirektoratet sin førebels informasjon kva som er korrekt deflator (inflasjonsjustering) av kommunen sine rekneskap frå 2014 til 2016-nivå. I 2015 var denne på 3,0%, og i statsbudsjettet for 2016 legg regjeringa til grunn ein deflator på 2,7%. Vi har difor brukt henholdsvis 3,0% og 2,7% som deflator i berekning av tilskotssatsane for 2016.

**Førebels fastsetjing av sats for kapitaltilskot:**
Oppsummering av framlegg til satsar i rapporten frå PWC:

| Framlegg til satsar i 2016 for kapitaltilskot i PWC sin rapport av 22. januar 2016: | |
|---|---|
| Barnehagebyggets byggeår: | Tilskot per barn: (kr) |
| Før 2006 | 9 046 |
| 2007 - 2009 | 14 305 |
| 2010 - 2012 | 18 582 |
| 2013 - 2015 | 22 455 |

| Til samanlikning - nasjonale satsar 2015: | |
|---|---|
| Ordinære barnehagar | 9 500 |
| Familie barnehagar | 12 000 |

Som grunnlag for vår berekning av tilskotssatsar for kapital skal vi leggje til grunn barnehagebyggets byggjeår. Vi har innhenta byggeår frå Matrikkelen (det offisielle eiendomsregisteret), som inneheld følgjande opplysningar om når dei aktuelle barnehagene blei tekne i bruk eller ferdigattestert, og ut frå tabellen over definert dei tilhøyrande kapitalsatsar (per heildags plass):

| Navn | Adresse | Gbnr | År tatt i bruk eller ferdigattest | Eventuelle tilbygg | Kap.sats 2016 |
|---|---|---|---|---|---|
| Læringsverkstedet barnehage (avd. Flatøy) | Flatøyvegen 70 | 01/50 | Eldre bygg | Tilbygg (145m2-BRA) tatt i bruk 2.5.1985 | 9 046 |
| Maurtua barnehage | Juviknipa 1 | 22/175 | 18.05.2004 | | 9 046 |
| Leirdalen barnehage Sa | Rossland | 43/147 | 31.08.2005 | | 9 046 |
| Leiketun barnehage AS | Holtermannsvegen 2 | 22/505 | 22.08.2005 | Tilbygg (6m2-BRA) tatt i bruk 28.11.2014 | 9 046 |
| Espira Marthahaugen barnehage | Ådlandvegen 325 | 22/199 | 15.02.2007 | | 14 305 |
| Blåklokka barnehage | Melandsvegen 38 | 10/52, 218 | 25.08.2008 | Hovedbygg 947m2-BRA ferdig 2008. Tilbygg (230m2-BRA) ferdigattest 23.10.2012. Andel sats 2008 80%, andel sats 2012 20% | 15 160 |
| Drømmehagen barnehage AS | Floghaugane 61 | 22/226 | 01.10.2013 | | 22 455 |

For familiebarnehagane er det i forskrifta ikkje klart korleis kapitaltilskotet skal bereknast, slik at vi for Lita-Go familiebarnehage i våre førebels vedtak legg til grunn ein kapitalsats lik den i 2015 + 2,7% auke, som avrunda vert kr 12.300,- per heildags plass.

**Fastsetjing av sats for driftstilskot:**
Ved berekning av driftstilskot skal kommunen sine kostnader til drift av den kommunale barnehagen 2 år før barnehageåret leggjast til grunn, men ein kalkulert pensjonsutgift på 13% av lønsgrunnlaget skal erstatte kommunens faktiske betalte pensjonsutgifter, slik det var i dei tidlegare forskriftene. For 2016 skal kommunens rekneskap frå drifta av Marihøna Barnehage leggjast til grunn.

Kommunen hadde i 2014 pensjonsutbetalingar på 18,6% av lønsgrunnlaget, og kostnadsgrunnlaget i den kommunale barnehagen vert som følgje av dette ca. 5% lågare enn etter tidlegare regelverk.

Satsar for heildags driftstilskot vert:
Små born 0 – 2 år: kr 176.224,-
Store born 3 – 6 år: kr 84.062,-

**Familiebarnehagar:**
For familiebarnehagar vil kommunen fortsatt nytte nasjonale satsar. Desse er ennå ikkje fastsatt av departementet. Vi må derfor avvente endeleg vedtak om desse. Dersom satsane for 2015 vert prisjusterast med den kommunale deflatoren på 2,7% vert satsane:
Satsar for heildags driftstilskot til famliliebarnehage:
Små born 0 – 2 år: kr 157.000,-
Store born 3 – 6 år: kr 119.900,-
Kapitaltilskot familiebarnehage: kr 12.300,-

**Framlegg til vedtak:**
«Kommunestyret godkjenner følgjande tilskotsstsar til private barnehagar i 2016:

| Satser for kommunalt tilskudd til private barnehager i 2016 | Blåklokka | Drømme-hagen | Espira Martha-haugen | Leiketun | Leirdalen | Læringsv. Flatøy | Læringsv. Maurtua | Lita-Go fam.bhg |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Byggeår | 2008 / 2012 | 2013 | 2007 | 2005 | 2005 | 1985 | 2004 | |
| Driftstilskudd små barn | 176 224 | 176 224 | 176 224 | 176 224 | 176 224 | 176 224 | 176 224 | 157 000 |
| Driftstilskudd store barn | 84 062 | 84 062 | 84 062 | 84 062 | 84 062 | 84 062 | 84 062 | 119 900 |
| Kapitaltilskudd per barn | 15 160 | 22 455 | 14 305 | 9 046 | 9 046 | 9 046 | 9 046 | 12 300 |

»

__Formannskapet - 129/2015__

**FS - behandling:**

**FS – framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner følgjande tilskotsstsar til private barnehagar i 2016:

| Satser for kommunalt tilskudd til private barnehager i 2016 | Blåklokka | Drømme-hagen | Espira Martha-haugen | Leiketun | Leirdalen | Læringsv. Flatøy | Læringsv. Maurtua | Lita-Go fam.bhg |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Byggeår | 2008 / 2012 | 2013 | 2007 | 2005 | 2005 | 1985 | 2004 | |
| Driftstilskudd små barn | 176 224 | 176 224 | 176 224 | 176 224 | 176 224 | 176 224 | 176 224 | 157 000 |
| Driftstilskudd store barn | 84 062 | 84 062 | 84 062 | 84 062 | 84 062 | 84 062 | 84 062 | 119 900 |
| Kapitaltilskudd per barn | 15 160 | 22 455 | 14 305 | 9 046 | 9 046 | 9 046 | 9 046 | 12 300 |

__Kommunestyret - 101/2015__

**KS - behandling:**
Skriv med oppdaterte satsar for kommunalt tilskudd til private barnehagar i 2016 vart delt ut i møtet.

Fredrik Seliussen er eigar av Drømmehagen barnehage og sa seg inhabil i saka. Han gjekk frå ved handsaming av hans habilitet.

Habilitetssaka vart drøfta.

__**Avrøysting:**__
**Fredrik Seliussen vert samrøystes erklært inhabil.**

Steinar Erstad tok sete ved handsaming av saka.

**Framlegg til vedtak frå Anne Grete Eide, AP:**

«Kommunestyret godkjenner følgjande tilskotsstsar til private barnehagar i 2016 med korrigerte satsar per 09.11.15:

Satser for kommunalt tilskudd til private barnehager i 2016

| Satser for kommunalt tilskudd til private barnehager i 2016 | Blåklokka | Drømme-hagen | Espira Martha-haugen | Leiketun | Leirdalen | Læringsv. Flatøy | Læringsv. Maurtua | Lita-Go fam.bhg |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Bygge år | 2008 / 2012 | 2013 | 2007 | 2005 | 2005 | 1985 | 2004 | |
| Driftstilskudd små barn | 176 444 | 176 444 | 176 444 | 176 444 | 176 444 | 176 444 | 176 444 | 149 500 |
| Driftstilskudd store barn | 84 011 | 84 011 | 84 011 | 84 011 | 84 011 | 84 011 | 84 011 | 113 700 |
| Kapitaltilskudd per barn | 14 760 | 17 400 | 8 800 | 8 800 | 8 800 | 8 800 | 8 800 | 12 900 |

»

<u>**Avrøysting:**</u>
**Framlegg til vedtak frå Anne Grete Eide vart <u>samrøystes vedteke.</u>**

**KS - vedtak:**
«Kommunestyret godkjenner følgjande tilskotsstsar til private barnehagar i 2016 med korrigerte satsar per 09.11.15:

Satser for kommunalt tilskudd til private barnehager i 2016

| Satser for kommunalt tilskudd til private barnehager i 2016 | Blåklokka | Drømme-hagen | Espira Martha-haugen | Leiketun | Leirdalen | Læringsv. Flatøy | Læringsv. Maurtua | Lita-Go fam.bhg |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Bygge år | 2008 / 2012 | 2013 | 2007 | 2005 | 2005 | 1985 | 2004 | |
| Driftstilskudd små barn | 176 444 | 176 444 | 176 444 | 176 444 | 176 444 | 176 444 | 176 444 | 149 500 |
| Driftstilskudd store barn | 84 011 | 84 011 | 84 011 | 84 011 | 84 011 | 84 011 | 84 011 | 113 700 |
